



HELLEBAKKEN 45  
5039 BERGEN  
TELEFON: 55 39 29 50  
FAKS: 55 39 29 59  
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO  
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Alver kommune  
Avd. byggesak  
Postboks 4,  
5906 FREKHAUG

## VEDLEGG B-1

Vår ref.: 02-3/22-LET

Dykkar ref.:

Dato: 18.02.2022

### SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGEGRENSE MOT SJØ FOR TILTAK I IO FRILUFTSOMRÅDE (349/58-62), ALVER KOMMUNE

BOF forvaltar og er grunneigar av Io friluftsområde i Alver kommune, som er deltar i BOF. I denne saka vert det søkt om dispensasjon frå byggegrense mot sjø / strandsona pbl. § 1-8 for bygging av padlehuuk/overnattingsbu/rasteplass for dei besøkjande (4,85 m x 2,74 m = 13,3 m<sup>2</sup>). Arealet er eit statleg sikra friluftslivsområde, som er regulert som friområde. Området er i kommunedelplanen sin arealdel bandlagd med omsynssone H740 «Bandlegging etter andre lover» - H740\_1 Io friluftsområde – friluftsløva.

#### Grunn for å gje dispensasjon

Det omsøkte friluftsområdet er sentralt plassert (landfast) i innseglinga til Herdlafjorden. Området er sikra som eit statleg sikra friluftslivsområde gjennom BOF, som er grunneigar. Det er Staten v/ Miljødirektoratet som er den statlige instansen. BOF drifter og forvalter friluftsområdet i samarbeid med kommunen. Ønskja tiltak vil betre tilhøva for dei besøkjande av friluftsområdet, og dermed heve kvaliteten. Denne delen av området er per i dag urørt, mens tilretteleggingstilbodet er ved dagens parkeringsplass og teltplass ved starten av området. Målet er å binde arealet saman med ein merka sti, slik at ein større del av området vert nytta av befolkninga. Padlehuken vil gje eit enkelt overnattingstilbod, for dei som både kjem sjøvegen i kajakk og dei som kjem landvegen med bil. Målet vårt er å skape eit samanhengande nettverk med slike tilbod. BOF har allereie fått løyve til å setje opp ein tilsvarande padlekabin på andre sida av fjorden, Skarvøyna i Askøy kommune. Me ønskjer òg å søkje i Uttoska friluftsområde, Alver kommune ila. 2022. Tiltaket vil verta fundamentert punktvis i fjellet, så det vil vere reversibelt å fjerne i ettertid.

#### **Fordelar med tiltaket**

Tiltaket vil

- fremje ålmenta si bruk av strandsona i høve til bruk og opphald/overnattingsmoglegheit
- gje bedre friluftstilhøve og -tilbod for ålmenta
- komplementere og styrke denne type friluftstilbod
- reversibelt tiltak

#### **Ulempene med tiltaket**

Strandsona får eitt nytt bygg, som vil vere delvis synleg frå sjø (vert forsøkt tilpassa i storleik, terreng og bakgrunnsfarge for å passe naturleg inn)

Strandsona får eit nytt bygg i eit område, som ikkje er tilrettelagd per i dag

## Søknad om byggetillating

Det vert søkt om byggetillating for

- Padlehuk/overnattingsbu/rasteplass for dei besøkjande (4,85 m x 2,74 m = 13,3 m<sup>2</sup>)

Vedlagd følgjer:

Situasjonsplan

Teikningar / skisser

Med venleg helsing

Bergen og Omland Friluftsråd



Dag Seter  
Administrativ leiar